SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Universitetsstyret	13.05.2020	

Høyring om forslag til ny lov om universitet og høgskular

Innstilling til vedtak:

Universitetsstyret godkjenn høyringsinnspel til forslag om ny lov om universitet og høgskular.

Bakgrunn
Den 18. februar 2020 sende Kunnskapsdepartementet utgreiinga NOU 2020:3 *Ny lov om universiteter og høyskoler* på høyring. Utgreiinga og det nye lovforslaget er utarbeidd av Universitets- og høyskolelovutvalget, leia av Helga Aune. Det er tilgjengeleg her: NOU 2020: 3.

Høyringsfristen var i utgangspunktet sett til 22. mai, men på grunn av koronasituasjonen er han utsett til 5. juni. For å gjennomføre ein mest mogleg effektiv intern høyringsrunde, og unngå at fleire einingar brukte tid på skriftlege innspel til dei same reglane, utarbeidde universitetsdirektøren først eit forslag til innspel frå UiT som har vore behandla i utvida leiarmøte. Nokre av innspela frå leiarmøtet er innarbeidd i forslaget som er lagt ved denne saka. Vi ber universitetsstyret om å godkjenne universitetsdirektøren sitt forslag til høyringsinnspel frå UiT.

Generelt om lovforslaget
Det nye lovforslaget har 16 kapittel og 118 paragrafar medan gjeldande lov har 13 kapittel og 92 paragrafar. Reglar som høyrer tematisk saman er forsøkt samla i ulike kapittel på ein betre måte enn i gjeldande lov. Leiar for utvalet peika på enkelte sentrale punkt da ho presenterte lovforslaget. Det ligg eit samandrag av presentasjonen i her. [1] Mellom anna er det føreslått ein del tiltak for å styrka studentane sin rettstryggleik, til dømes krav om to sensorar ved alle eksamenar og prøvar, sensur innan 15 virkedagar, fjerning av «blind sensur» ved klage og at studentombodet sitt mandat skal inn i lova. Utvalet føreslår også nokre endringar i opptaksreglane og i reglane om mellombels tilsetjing. Eit forslag som har fått ein del oppslag, er § 3-3 tredje ledd om at styreleiar skal vere ekstern og nemnast opp av departementet.

I følgje utvalet skal det nye lovforslaget skilje tydelegare enn gjeldande lov på kva som er institusjonane sitt formål og kva slags oppgåver dei har. Tema som inngår i kapittel 1 *Lovens formål og virkeområde* i gjeldande lov er derfor erstatta av kapittel 1 *Formål og virkeområde* og kapittel 2 *Virksomhet og ansvar* i forslaget til ny lov.

[1] Khrono, 13.2.2020: https://khrono.no/dette-er-de-viktigste-forslagene-til-aune-utvalget/460891

Vidare er oppbygginga av lova føreslått endra. Kapitla står i betre rekkjefølgje enn i gjeldande lov. Til dømes er organisering og leiing plassert som kapittel 3 for statlege og kapittel 4 for private institusjonar, etter kapitla 1 *Formål og virkeområde* og 2 *Virksomhet og ansvar*. I gjeldande lov står styringsreglane i kapittel 9 og 10.

Universitets- og høgskolelova er ei rammelov og har mange underliggande sentrale og lokale forskrifter. Dette gjer regelverket både komplisert og uoversiktleg for brukarane. Utvalet har foreslått fleire tiltak som kan bidra til å gjere lov- og forskriftsverket meir oversiktleg, og dei anbefaler at det vert satt i gang eit arbeid med å gjennomgå alle forskriftene.

Vurderingar

Universitetsdirektøren meiner at lovutkastet alt i alt verkar meir oversiktleg enn gjeldande lov, som er prega av at det har vore mange små og store lovendringar sidan 2005, og som i utgangspunktet hadde ei noko ulogisk oppbygging. Kommentarar og forslag til konkrete endringar i fleire av paragrafane går fram av det vedlagde forslaget til høyringsinnspel og vert ikkje omtala spesielt i saksframlegget.

Kapittel 3 i lovutkastet omhandlar organisering og leiing av institusjonane, blant anna spørsmål om valt eller tilsett rektor. Universitetsdirektøren viser til at det er sett i gang ein prosess i samband med at universitetsstyret i junimøtet skal ta stilling til styring og leiing ved UiT i kommande periode. Direktøren tilrår på bakgrunn av dette at styret ikkje tar stilling til denne delen av nytt lovforslag.

Universitetsdirektøren har ingen kommentarar utover desse og anbefaler at styret godkjenn det vedlagte høyringsinnspelet.

Jørgen Fossland
universitetsdirektør

Heidi Adolfsen
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur

Saksbehandler: Olaug Husabø, Jan Ove Mortensen og Hege Svendsen

Vedlegg
1 Forslag til høyringsinnspel frå UiT